



Barne-, likestillings-, og inkluderingsdepartementet  
Postboks 8036  
Dep  
0030 Oslo

Kristiansand, 29. september 2014

## Høyringsvar – endringar i "Forskrift om tilskot til frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar"

Landsstyret i Ung kirkesang har i møte 12.-14. september gått gjennom forslaget til endringar i forskrifta om tilskot til frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar. Ung kirkesang er glade for at departementet på denne måten gjer vedlikehald i ordninga, og støttar målet om harmonisering og enklare ordninga.


Landsstyret helsar særskilt velkommen forslaget om å redusere basistilskotet frå 3 G til 2G. Landsstyret meiner at basistilskotet gjerne kan reduserrast til 1 G, for den del. Eit høgt basisbeløp fører til store utteljingar for dei minste organisasjonane og fører til at det oppstår eit press mot organisasjonssplitting og fragmentering for dei mellomstore og større organisasjonane. Det er rett som departementet skriv, at utviklinga i G er mykje større enn utviklinga i ordninga elles. Da forskrifta fekk dagens form i 1997 var 1 G = kr 42.000, medan den i 2014 har vakse til kr 87.328.

Landsstyret vil elles peike på at det hadde vore høveleg å vere meir modige når ein revisjon skulle gjerast. Skal ein få til verkeleg enklare ordning må ein kutte utmålingskriterier (og dermed kutte vekk kva som skal dokumenterast og teljast). Det som vil gi størst effekt i så måte er å kutte utmålinga av poeng på basis av kurs. Landsstyret i Ung kirkesang har vore for kursutmåling og at det skulle komme tilbake etter at det blei teke bort i 2002. Den form kursutmålinga fekk i revisjonen i 2007, er ikkje hensiktsmessig. Når det gjeld forslaget om å fjerne kriteriet om deltakarar frå 5 lag, synest Landsstyret dette er uheldig, særskilt for dei nordlegaste fylka. Fram til 2002 var det geografiske kriteriet for sentrale kurs deltakarar frå minst 3 fylke eller 2 fylke dersom det vart arrangert kurs i Nordland, Troms og Finnmark. Ved revisjonen i 2007 vart to fylke i nord erstatta med 5 lag. Landsstyret ber om kriteriet om 5 lag blir vidareført.

Vi støttar i det store og heile forslaga, men vil peike på at kravet om dokumentasjon av aktivitet for medlemmer i laga i §9, først må gjelde frå grunnlagsåret 2014. Det vil medføre ei mengd ekstra byråkratisk arbeid å hente inn nye årsrapportskjema for 2013 for å dokumentere dette. Til dykkar informasjon hadde vi innhenta medlemslister og årsrapportar frå mest alle våre medlemslag for 2013 da vi mottok brev frå departementet om forskriftsendringar.

Landsstyret vil peike på at det er stor forskjell på dei dokumentasjonskrav ordninga legg på lokallaga og dei krava som fører til meir arbeid i sentralleddet. Krav om ekstra årsrapportskjema for grunnlagsåret 2013, vil føre til at alle lokallag må levere ny dokumentasjon, medan endringar i kursreglar gjer at sentralleddet må gjennomgå all dokumentasjon for dette, og sjekke ut i forhold til nye reglar. Den slag plunder og heft kan vi greie med, men vi synest prinsipielt at tilbakeverkande regelendringar er uheldig.

Vi ynskjer lukke til med forskriftsrevisjonen, og høyrer gjerne frå dykk, dersom de ynskjer utdjuping av punkta!  
Med helsing



Nils Hidle  
generalsekretær i Ung kirkesang

Johanne Bjørkhaug /s./  
Leiar i landstryret i Ung kirkesang